

70 fotball-rekrutter i aksjon!

08.06.2010



Ein Uskedal-ball på veg mot mål i kamp mot Harding! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei som vill oppleve ekte fotball-glede bør stikke innom Heio i kveld, for der er rundt rekna 70 10-åringari aksjon i det som kallast seriedag. Det tyder at dette er ei skikkeleg førebuing for serien som dei unge spelarane skal inn i til neste år.



[Ingebjørg Haugland](#) - no også som fotballdomar. (Foto: [Ola Matti Mathisen](#))

Det har også vore avvikla slike førebuingar tidlegare, men det er første gang det skjer i Uskedalen. 12 lag med 6 på laget er med og det er også eit innslag av jenter sjølv om det er minkande i denne aldersgruppa. Til gjengjeld gjer jentene seg sterkt gjeldande i dommerstanden, der tre av bygdas utruleg allsidige idrettsjenter gjer teneste. Dei er Kari Bråtun, Ingebjørg Haugland og Cathrine Yri Røssland.

Av laga som deltek er 11 frå Kvinnherad. Berre Harding frå Odda kjm utanfrå..Elles finn ein Trio-Husnes med 3 lag, Uskedalen med eitt, Rosendal med eitt, Åkra, Halsnøy med 2, Trio Sunde med eitt, Trio Valen med eitt og Herøysund med eitt.

Ellers er innslaget av foreldre og andre supportarar betydeleg i det fine veret og engasjementet er som vanleg ved slike høve svært stort. Her er mange små heltar i aksjon!

Av Ola Matti Mathisen



Vertskapet stille med eitt lag på Heio. (Foto: Ola Matti Mathisen)